



DEN NORSKE KYRKJA
Høyanger Kyrkjelege fellesråd

Marcus Thranes gate 3
6993 HØYANGER
Tlf: 57714100
Høyanger 30.03.2023

Møteprotokoll Høyanger kyrkjelege fellesråd

Møtedato: 30.03.2023

Møtetid: Kl. 10.00

Møtestad: Kommunestyresalen i Høyanger Rådhus

Til stades:

Marit Tonning, Vidar Myren, Sturla Bell Fossen, Kari Henny Dale, Rolf Aamot, Sissel Sørebø, Andreas Ester, Stig Jonny Fitje deltok på Teams

Fråverande:

May.Wenche Fossmark, Tonje Førde Systad, Torunn Styve, Kenneth Førde, Frode Merkesvik

Kopi av møteprotokollen går til:

Veronica Vågen, Lars Petter Amundrud, Ellinor Austreim, Aud Kjersti Haugen, Torunn Styve, Monica Sunde Tjønnås, Alf Magnar Svartemyr, Ingunn Østerbø, Toril Bjørkum, Geir Sørebø, Knut Magne Nesse, Petter Sortland, Ørjan Haram, Gerda Otterstein, Ali Kharrat, postmottak Høyanger kommune.

Sakliste:

Godkjenning av innkalling, sakliste og møtebok

Innkalling, sakliste og møteprotokoll frå siste møte vart godkjent utan merknader.

Meldingssaker:

005 Soknepresten har ordet

Soknepresten tok opp tema omkring fasteaksjonen 2023.

006 Rekneskapsrapport 2023

Rekneskapsrapport over forbruk og inntekter så langt i 2023 vart utdelt.

007 Nominasjon til Soknerådsvalet 2023

Fristen for å levere kandidatlistar er 31.03.2023 kl. 12.00. Sokneråda har stort sett kome i mål med nominasjonsarbeidet, men etter regelverket skal det uansett gjennomførast ein supplerande nominasjon. Kandidatane skal setjast opp i prioritert rekkefylje.

Vedtaksaker:

006/23 Godkjenning av HKF sin rekneskap 2022

Den avslutta rekneskapen til HKF 2022 viser eit meirforbruk på kr. 340 690. Netto driftsresultat er på kr. -252 816, som utgjør -4.3% av driftsinntektene.

Vedtak: Rekneskapen for HKF 2022 vert godkjent slik den føreligg, under føresetnad om revisjonen si godkjenning. Revisjonsmerknadane om føringsmåten, vist til i brev av 28.03.2023 tek ein til etterretning frå og med 2023. Samrøystes.

007/23 Revisjon av Budsjett 2023

HKF sitt budsjett for 2023 er gjennomgått av avtroppende og påtroppende kyrkjeverje, saman med fellelrådsleiaren, for å finne aktuelle innsparingstiltak.

Vedtak: Endringane som er lagde fram i dette møtet vert innarbeidde i budsjettet. HKF sitt møte i juni må handsame budsjettet på nytt. Innan dette møtet må ein i kontakt med kommunen ha sikra gode rutinar for vidare oppfyljing av rekneskapsføring og budsjett-oppfyljing. Innan HKF møtet i juni må sokneråda få uttale seg om evt. nedskjæringar i budsjettet. Samrøystes.

008/23 HKF sin møteplan

Vedtak: 27. april
25. mai
22. juni
24. august
21. september
26. oktober
23. november
Evt. 07. desember

For Høyanger kyrkjelege fellelråd

Bjørnar Otterstein
Kyrkjeverje